



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/889 - 20/3396

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
24.01.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 108/612 Lindås

Tiltak: Ombygging og utviding av butikklokale
Byggjestad: Gbnr: 108/612
Tiltakshavar: Lindås Senterbygg AS
Ansvarleg Tippetue Arkitekter AS
søklar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.12.2019. Vi beklagar sein tilbakemelding i saka. Dette skuldast overgang til ny kommune.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Utnyttingsgrad for tiltaket.
Utnyttingsgrada for heile området sett under eitt skal ikkje overstiga 0,40, jf. føresegn 22. Den opplyste utnyttingsgrada tek berre utgangspunkt i omsøkt tiltak. Det må gjerast greie for utnyttingsgrada for utbygd område samla sett.
2. Parkeringsdekning.
Det er ikkje gjort greie for parkeringsdekninga. Krav til parkering føl av føresegn 18. Det må gjerast greie for om parkeringsdekning i føresegn 18 er oppfylt.
3. Grunneigarerklæring
Omsøkt tilbygg er plassert på gbnr 108/612, men skal, slik vi forstår, fungera som ei utviding av bygget som står på gbnr 108/615. Det er Lindås Senterbygg AS som er heimelshavar for begge eigedomane. Vi ber likevel om at det vert send inn erklæring som sikrar rett til å etablera tiltak på naboeigedomen. Vi ber dykk også vurdera om det er føremålstenleg å endra grensene mellom eigedomane slik at bygget i sin heilskap ligg på eigen grunn.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **24.02.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar Plan og byggesak

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås Senterbygg AS	Skuteviksbodene 22	5035	BERGEN
Lindås Senterbygg AS	Skuteviksbodene 22	5035	BERGEN
Tippetue Arkitekter AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS	Sandviksbodene 5	5035	BERGEN
------------------------	------------------	------	--------